

nve@nve.no

Dykkar ref: Dykkar dato: Vår ref: Arkiv: Sakshandsamar: Dato:
B. Kapstad 10.10.2018

SUNNFJORD ENERGI. HØYRINGSSVAR ENDRINGAR I NVE-RENTE, KILE SAMT KLAGE OG OMGJERING AV INNTEKTSRAMMEVEDTAK

NVE rente

Framlegg til endring av referanserente vil føre til redusert avkastning for nettselskapa. Sunnfjord Energi meiner at NVE renta bør haldast på noverande nivå for å ha føreseielegheit i verdiane til nettselskapet.

KILE

Sunnfjord Energi meiner at KILE – ordninga er god og fungerer godt i reguleringa av nettselskapa. Samfunnet går i retning av ein større grad av elektrifisering og kundane vert i større grad avhengige av ei påliteleg straumforsyning. Det er difor viktig med riktige KILE – satsar og at dei avspeglar dei samfunnsøkonomiske kostnadane ved straumbrot.

NVE foreslår å auke KILE – satsane for hushald med om lag 50 %. Framlegget med å auke KILE for hushald vil vere eit nullsystemspel på bransjenivå. Effekten vil imidlertid slå ut individuelt mellom nettselskapa ut i frå leveringspålitelegheita til kvart enkelt selskap, geografi, bonitet og klimatiske skilnadar. Sunnfjord Energi meiner at det vil gje diskriminerande utslag for netteigarar som har luftnett i vêrharde områder som på Vestlandet. I store delar av desse områda er det mykje skog i kombinasjon med hard vind, snølast og ising.

For å rette opp i desse skeivheitene, meiner Sunnfjord Energi at det må justerast i trinn to for rammevilkåra i d-nettet.

Andel luftlinjer i barskog med høg og særst høg bonitet, Geo 1 og Geo 3 bør vektast høgare. NVE bør også sjå på rammevilkåra i r-nettet.

Klage og omgjering ved fastsetjing av inntektsrammevedtak

Sunnfjord Energi støttar framlegget.

Arild Fleten



-Nettsjef-

Bjarte Kapstad



-Sivilingeniør-